

# Dalen

Av Knut Raastad, 2017



Dalen gnr. 72 bnr. 4 som ligg i Nordherad bakanfor Kvarberg i helling mot Finna. Dalen har også gått under namnet Ulvhusdalen. Ei tid var dette to bruk, øvre og nedre Dalen. Dalen var husmannsbruk under oppigard Kvarberg.

I 1801 var husmann i Dalen Ole Johansen f.1739 d.etter 1809, han var gift med Gunhild Pedersdotter f.1751. Ole og Gunhild hadde 3 barn:

- Johannes f.1779, neste brukar
- Gunhild f.1784
- Peder f.1790

Johannes Olsen Dahlen 1779-1847 overtok med husmannskontrakt i 1809. Han vart 1806 gift med Gunhild Olsdotter. Dei hadde truleg ikkje barn.

Frå 1840 er ein ny familie i Dalen, fyrst som inderst og i 1844 som husmann. Ole Jonsen Brattland 1808-1872 vart 1840 gift med Gunhild Halvorsdotter Fillingsøylykken f.1816 dotter til Halvor Andersen Fillingsøylykken f.1785 d.1861 og Aaste Nilsdotter Strand n. 1791-1881. Frå ca. 1863 var familien på Ulsbu. Ole og Gunhild hadde 8 barn:

- Gunhild f.1840, g.m. Ole d.y. Erlandsen Aabakken f.1838. Til USA 1878.
- Johannes 1844-1845
- Johannes 1846-1863
- Anne 1850-1850
- John f.1851
- Hans 1856-1856
- Anne f.1858
- Hans f.1863

Folketellingane 1865 og 1875 nemner ikkje Dalen og da budde det truleg ikkje folk der.

Frå 1876 var det ein ny familie i Dalen og husmann var Ole Knutsen. Ole Knutsen Helledøkken 1843-1916 var son til Imbjør Olsdotter Helleeie, dette var truleg Ingeborg 1818-1882 som i 1857 vart gift med Peder Andersen Ellingsbøeie og kom til Bergehaugen. Far til Ole Knutsen var Knut Eriksen som budde på Valbjør. Ingeborg og Knut hadde også tvillingane Anne og Hans f.1848. Ole Knutsen Helledøkken vart 1874 gift med Ragnhild Olsdotter Waldeie 1847-1940. I 1900 budde Ole og Ragnhild på Stranden øvre der sonen var forpaktar. Ole og Ragnhild hadde 9 barn:

- Knut f.1868, g.m. Kari Jakobsdtr. Gauper (Lom) f.1862. Til Stranden øvre.
- Gunhild f.1874
- Ole f.1876
- Ole 1879-1879
- Imbjør f.1881
- Ragnhild f.1883
- Anne f.1884

Hanna f.1886  
Hans f.1889

I 1900 var Ole Johnsen Dalen f.1853 husmann i Dalen og skreddar, han var i 1876 nemnd som Lundeeie. Ole var gift med Anne Syversdotter Hølmo f.1857. Ole og Anne er nemnd på Lundeeie fram til 1888, dette var Brynhildøygarden i Skårvangen. I 1894 er dei komne til Dalen. I 1903 utvandra dei til USA. Ole og Anne hadde 6 barn:

Anne 1877-1879  
Anne f.1879  
Mari f.1881  
John f.1884. Til USA 1902.  
Sophie f.1888. Til USA 1903.  
Ole f.1894. Til USA 1903.

I øvre Dalen var i 1910 Amund Olsen Dalen 1877-1954. Familien er nemnde i Dalen frå 1904, og har truleg overteke som husmenn da dei som var der før emigrerte i 1903. Amund Olsen Øien 1877-1954 var son til Ole Amundsen Øien (Håkenstadøien) var gift med Marit Dalen (Selatungdalen i Synslia) 1876-1942. Amund Dalen kjøpte Dalen i 1939 og dette omfatta både øvre og nedre. Amund og Marit hadde 7 barn:

Ole f.1900  
Mari f.1901  
Anne f.1904, g.m. Kristian Grevrusten f.1900. I Grevrusten.  
Ragnhild f.1908  
Barbro f.1909, g.m. Syver Brun f.1908  
Thor  
Kristian 1914-1984, neste eigar

Kristian Dalen 1914-1984 overtok etter faren i 1948. Han vart 1946 gift med Anne Marie Sandviken f.1918 dotter til Hans Sandviken og Ragnhild Grevrusten. Kristian og Anne Marie hadde 2 barn:

Hans Arve 1949-2016, neste eigar  
Magne f.1951, seinare eigar

Hans Arve Dalen overtok etter faren i 1985.

Etter at Hans døydde i 2016 vart broren Magne Dalen f.1951 eigar.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

Panteregister, grunnbok

1881.no

Opplandsarkivet Vågå: familieark, kyrkjebøker

Folketelling 1801, 1865, 1875, 1900, 1910

Asbjørn Kvarberg: notat av det som vart fortalt av Øistein Kvarberg 1994

Kopi av husmannskontrakt 1809